

Protokoll fra årsmøte i YSSS 2025

Årsmøtet vart halde simultant på Ulstein Bibliotek i Ulsteinvik og digitalt på Teams den 25.02.25 kl.18.00-20.00.

Sak 1 Godkjenne medlemmar med rett til å stemme.

Forslag til vedtak: 10 frammøtte medlemmar med stemmerett vert godkjend.

Sak 2 Velje dirigent.

Forslag til vedtak: Katrine Vestbøstad

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 3 Velje protokollfører.

Forslag til vedtak: Ingrid Fjørtoft velgast som protokollfører.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 4 Velje to medlemmar til å underskrive protokollen.

Forslag til vedtak: Margrethe Djupvik og Sigrid Sætre velgast til å underskrive protokollen.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 5 Godkjenne forretningsorden

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner forretningsorden.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 6 Godkjenne innkallinga.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 7 Godkjenne saklista.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 8 Handsame idrettslaget si årsmelding for 2024.

Styreleiar går gjennom hovudtrekka (symjetrening, symjeskule, barnehagesymjing, damebading, dødsing, bygge klubbkultur og samhörigheit).

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2024.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 9 Handsame:

- a. Idrettsaget sin reknskap.
- b. Styret si økonomiske orientering.
- c. Ev. melding frå kontrollutvalget.

Styreleiar gjekk gjennom rekneskap for 2024.

Kontrollutvalet har ingen kommentarar i forhold til reknskapen.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen 2024 som framlagt på årsmøtet, som inkluderer kostnader knytt til 2 reginssamlingar 2024 og ført i rekneskapen etter saksdokumenta til årsmøtet blei delt 14.02.2025. Årsmeldinga 2024 vil bli oppdatert på www.ysss.no.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 10 Handsame innkomne forslag og saker

Ingen innkomne saker å behandle

Sak 11 Fastsette:

- a. medlemskontingent for 2025 og 2026.
- b. treningsavgift for 2025 og 2026.

2025:

Medlemskontingent: 200,- pr år

Treningskontingent:

Rekrutt (R1): 1200,- pr år

K2: 1600,- pr år

K1: 2000,- pr år

2026:

Medlemskontingent: 200,- pr år

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar medlemskontingent for 2025 og 2026 i tråd med forslaget. Årsmøtet vedtar treningskontingent for 2025 i tråd med forslaget. Årsmøtet gir fullmakt til styret å fastsette treningsavgift for 2026.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 12 Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2025

Styreleiar presenterte budsjettet for 2025. Detaljert budsjett vedlagt i Årsmelding.

Klubben har noko eigenkapital, som styret har sett deler av på ein høgrentekonto med liten risiko.

Auka lønnskostnader til klubbsekretær (heile året) og trenarar på alle tre lokasjonar. I tillegg kjem Sigrid Sætre tilbake ei periode, for å ta trenarutdanning med praksis i YSSS.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2025.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 13 Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner organisasjonsplan for YSSS.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 14 Gjennomføre følgjande val:

14.1 Styret:

- Leiar – Katrine Vestbøstad (ikkje på val)
- Nestleiar – Ingrid Fjørtoft (ikkje på val)
- Styremedlem – Martin Jung Leine (på val)
- Styremedlem – Cian Walsh (ikkje på val)
- Styremedlem – Silje Slotsvik (på val)
- Styremedlem – Kristin Raanes (ikkje på val)

Innstilling frå valnemnd, framlagt av styreleiar: Martin Jung Leine (styremedlem) og Marianne Vågen Langeland (styremedlem).

14.2 Kontrollutval:

- Leiar - Silje Skaufel Saure (på val)
- Medlem - Lennart Aambø (på val)

Innstilling frå styret: Bodil Molvik (leiar) og Harald Knotten (medlem). Varamedlem: Steinar Sætre.

14.3 Valnemnd:

- Leiar - Frode Nerem (på val)
- Medlem - Torstein Nytun (på val)

Innstilling frå styret: Margrethe Djupvik (leiar) og Arne Lillebø (medlem). Varamedlem: Silje Slotsvik.

Styret konstituerer seg sjølv på neste styremøte.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innstilling frå valnemnd om styremedlemmar. Årsmøtet godkjenner innstilling frå styret til kontrollutval og valnemnd.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Sak 15 Saker frå styret:

- a. Lov for Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) etter ny NIF-mal gjeldande frå 01.01.2024

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner Lov for Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) datert 11.02.2025.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

- b. Klubbhandbok YSSS

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner førsteutkast til Klubbhandbok for YSSS. Styret får fullmakt til å oppdatere Klubbhandboka i tråd med framtidige årsmøtevedtak, styrevedtak, lovendringsvedtak og pålegg frå overordna organisasjonsledd.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

- c. Strategiprosess 2025-2029

YSSS sin strategiprosess i 2021 sette strategien for åra 2021-2024. Styret vil setje i gang ein prosess for å setje kursen 2025-2029. Medlemmane vil bli engasjert og førespurd undervegs.

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek saka til orientering.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

- d. Lansering av nettbutikk for klubbkle

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek saka til orientering.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

- e. Årshjul YSSS er no tilgjengeleg på www.ysss.no

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek saka til orientering.

Vedtak: Forslag einstemmig vedteke.

Møtet vart avslutta kl.19.30.

Ulsteinvik, 25.02.25

Ingrid Fjørtoft

Ingrid Fjørtoft

Ulsteinvik,

Margrethe Djupvik

Margrethe Djupvik

Sigrid Sætre

Sigrid Sætre